



VEDL. 2.

Ola Moen, Hilland, 5911 Alversund  
Britt M. Litleskare, Søndre Skogvei 117 A, 5073 Bergen

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Direkte tlf: Arkivkode: Dato:  
04/01218-5 Knut Bjørnevoll 56 35 66 16 148/015 09.07.04

### OM ALTERNATIV KLOAKKLØYSING

1 A De har fått godkjent utsleppsløyve for minireinseanlegg for Dykkar eigedommar.  
2 B Vi vil gjera Dykk merksam på at det finst ei alternativ løysing, som kan verta rimelegare og  
3 gje miljøgevinst for området: Felles leidning for eit visst område, med utslepp til sjø på djupt vatn.

2 I samband med nytt bustadprosjekt under regulering i Skarsvågen, har det komme opp framlegg at nokon bør sjå på ei sanering av eksisterande kloakkanlegg i området ved Skarsvågen, gjerne i kombinasjon med utbetring av den kommunale vegen.

3 Dersom det vert teke privat initiativ til kloakksanering i området, finst det midlar til kommunalt tilskot. Kommunen kan ikkje ta på seg planlegging og utbygging, men vi kan hjelpe til med råd og rettleiing når det vert sett i gang eit privat prosjekt, og gje tilskot etter søknad.

For nærare opplysningar om tilskotsordninga og framgangsmåte, kontakt VA- avdelinga; Arne Eikefet eller John Bauge.

Med helsing

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar